



Møre og Romsdal fylke



Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
08/03298-1		MR 1216/2009/U35/&13	Bengt Endreseth, 958 78 883	13.01.2009

## Høyring av ny rettleiar for PUD og PAD

Vi viser til Dykkar brev av 16.10.2008 med forslag til ny rettleiar for plan for utbygging og drift og plan for anlegg og drift.


Saka vil bli handsama i førstkommande fylkesutvalsmøte 26.januar 2009.

Ved at fristen for høyringsuttale er innan 16.januar sender vi vår instilling. Endeleg vedtak blir ettersendt.

### **Forslag til vedtak:**

- 1. Møre og Romsdal fylke meiner at høyringsfristen skal vere på minimum 12 veker i samband med både høyringar av program for konsekvensutgreiingar og høyring av sjølve konsekvensutgreiingane for å oppnå god formell høyringsprosess.*
- 2. Møre og Romsdal fylke peikar på OED sitt forslag om at ein del av dokumentasjonen som før har følgd PUD og PAD og som no skal bli gjort tilgjengeleg for styresmaktene tidlegare i planleggingsfasen av prosjektet, også må bli gjort tilgjengeleg for regionale styresmakter som fylkeskommunane.*
- 3. Møre og Romsdal fylke viser til Stortinget sitt vedtak om at det i samband med alle nye feltutbyggingar på norsk sokkel skal utgreiast om kraft frå land er føremålstenleg. Tilsvarande krav må gjelde for vurdering av ilandføring av gass. For gass frå CO2-rike gassfelt må det bli reist krav til vurdering av prosessanlegg for CO2-reinsing på land, krav til vurdering av infrastruktur for CO2-transport frå reinseanlegg til deponi og krav til vurdering av CO2-deponi.*

Med helsing

  
Bergljot Landstad  
regional- og næringsdirektør

  
Bengt Endreseth  
prosjektleder